

Ny utdanning i helse- og omsorgsjuss ved Høgskulen i Volda retta mot kommunane!

Til leiarar og tilsette i helse- og omsorgstenesten i Orkidè-kommunane!

«Saksbehandling og tjenesteyting i den kommunale helse- og omsorgstjenesten» - vidareutdanning frå hausten 2016

Høgskulen i Volda i haust tilby vidareutdanning i helse- og omsorgsjuss i samarbeid med Omsorgsjuss As og Per Gammelsæther. Studiet er på bachelornivå, med 15 studiepoeng. Studiet er retta mot saksbehandlarar og leiarar innanfor dei kommunale helse- og omsorgstenestene som ønskjer styrka forvaltingskompetanse, styrka kunnskapar om og ferdigheiter i skjønnsutøving. Studiet er aktuelt for til dømes saksbehandlarstillingar ved kommunale tildelingskontor for helse- og omsorgstenester og for dei som ellers treng grunnleggjande kompetanse i helse- og omsorgsjuss.

Organisering og innhald

Studiet er samlingsbasert med tre samlingar som går over tre dagar, lokalisert på campus i Volda. Organiseringa krev relativt lite direkte frávær frå jobb for å delta på samlingar og eksamen. Studiet føreset likevel sjølvstøtt rimelig grad av studieinnsats.

Studiet er eit betalingsstudium, kr. 15 000 i tillegg til vanleg semesteravgift. Vi har tidlegare kjørt dette studiet på oppdrag for Sør-Trøndelag Fylkeskommune med godt resultat, men tilbyr no studiet på Campus i Volda og ope for alle søkarar! Det er løpande opptak fram til studiestart. Forutan [sentrale helseerettslege tema og skjønnsutøving](#) i høve til tildeling, endring og bortfall av helse- og omsorgstenester, fokuserer vi også på utfordringar knytt til Samhandlingreformen og BPA-brukarstyrt personleg assistanse.

Har kommunen behov for kompetanseheving?

Kommunane kan søkje støtte til studieavgift gjennom Kompetanseløftet 2016. Kontaktperson hos Fylkesmannen er Greta I. Hanset, tlf. 71 25 84 00. Dersom kommunen treng kompetanse på området og ønskjer å prioritere kompetanseheving, så er det viktig å handle raskt. **Fristen hos Fylkesmannen er nemleg allereie 15. april i år**

Meir informasjon med søknadsportal finn du her:

<https://studietilbod.hivolda.no/nn/program/saksbehandling-og-tjenesteyting-i-den-kommunale-helse-og-omsorgstjenesten>

Vi håper at omkringliggjande kommunar vil nytte seg av tilbodet og ta gjerne kontakt for meir informasjon!

Dersom du kan vere behjelpeleg med å vidareformidle informasjonen om studiet i helse- og omsorgsjuss til aktuelle tilsette, så er vi takksame for det! Ta gjerne kontakt med meg!

Med helsing

Margrete Homlong Øyehaug
Høgskulelektor og programansvarleg

Avdeling for samfunnsfag og historie
Institutt for sosialfag Høgskulen i Volda
Tlf. +4770075199/+48124689